



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
18/08	Kommunestyret	07.02.2008

Endring i opplæringslova-høyring

Saksdokument vedlagt:

Kunnskapsdepartementet 5.12.07: Høyring-forslag til endring i opplæringslova

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret.

Forkortingar som er nytta i dokumentet og i saksutgreiinga.

- KRL- Kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering
- EMD- Den europeiske menneskerettsdomstolen
- EMK- Den europeiske menneskerettskonvensjonen

Ulike trus- og livssynssamfunn har saksøkt staten p.g.a. lovformuleringar i opplæringslova om KRL-faget. Saksøkjara fekk ikkje medhald og dette vart stadfesta i Høgsterett 22.08.01. Saksøkarane klaga saka inn for Menneskerettskomiteen i FN, EMD og EMK.

EMD har i dom 29.06.07 fastslått at KTL-faget i grunnskulen i Noreg krenkar EMK. KRL-faget må derfor endrast slik at det er i samsvar med menneskerettane.

Gjeldande lovtekst

§ 2-3. Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa

Grunnskoleopplæringa skal omfatte kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, norsk, matematikk, framandspråk, kroppsøving, kunnskap om heimen, samfunnet og naturen, og estetisk, praktisk og sosial opplæring. Ein del av undervisningstida etter § 2-2 kan brukast til fag og aktivitetar som skolen og elevane vel, til leirskoleopplæring og til opplæring på andre skolar eller på ein arbeidsplass utanfor skolen. Kommunane avgjer sjølv korleis timar ut over minstetimetallet gitt i forskrifter etter § 2-2 skal brukast. Grunnskolen er delt i eit barnetrinn og eit ungdomstrinn. Barnetrinnet omfattar 1.-7. årstrinn og ungdomstrinnet omfattar 8.-10. årstrinn.

Departementet gir forskrifter om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar og privatistar og om klage på vurderinga, om eksamen og om dokumentasjon. Elevane skal vere aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her.

Rektor skal organisere skolen i samsvar med første leddet og forskrifter etter tredje leddet og i samsvar med § 1-2 og forskrifter etter § 1-3.

Etter søknad frå kommunen kan departementet gi ein skole løyve til avvik frå første leddet og frå forskrifter om læreplanar dersom kravet til opplæringa samla ikkje blir mindre. Før slikt løyve blir gitt, må det liggje føre fråsegn frå samarbeidsutvalet.

§ 2-3a. Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Skolen skal ved melding om fritak sjå til at fritaket blir gjennomført, og leggje til rette for tilpassa opplæring innanfor læreplanen.

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak.

Elevar som har fylt 15 år, gir sjølv skriftleg melding som nemnt i første ledd.

Føyd til med lov 17 juni 2005 nr. 106 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 661).

§ 2-4. Undervisninga i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap

Undervisninga i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap skal

- gi grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv
- gi grundig kjennskap til evangelisk-luthersk kristendomsforståing og ulike kristne kyrkjesamfunn
- gi kjennskap til andre verdsreligionar og livssyn
- gi kjennskap til etiske og filosofiske emne
- fremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar
- fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionar og livssyn ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

Framlegg til endring

Departementet kjem med framlegg om at opplæringslova § 2-3 skal lyde (endringar er i *kursiv*):

§ 2-3. Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa

Første setning:

Grunnskoleopplæringa skal omfatte *religion, livssyn og etikk*, norsk, matematikk, framandspråk, kroppsøving, kunnskap om heimen, samfunnet og naturen, og estetisk, praktisk og sosial opplæring.

Departementet kjem etter dette med framlegg om at opplæringslova § 2-3a skal lyde (endringar er i *kursiv*):

2-3a. Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa

Siste setning:

Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldra til elevar under 15 år om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa.

Departementet kjem etter dette med framlegg om at opplæringslova § 2-4 skal lyde (endringar er i *kursiv*):

§ 2-4. Undervisninga i faget religion, livssyn og etikk

Religion, livssyn og etikk er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar.

Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Undervisninga i *religion, livssyn og etikk* skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Den som skal undervise i *religion, livssyn og etikk*, skal presentere *ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte* ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

Rådmannen legg saka fram til drøfting og evt. vedtak

Handsaming i Kommunestyret - 07.02.2008

Framlegg frå Krf/H/Frp v/ K. Mestad:

Som høyringsinstans til kunnskapsdepartementet sine endringsframlegg til det noverande KRL-faget, vil Lindås kommune uttale fylgjande:

1. Det er viktig at alle fag i skulen er i samsvar med FN's verdenserklæring om menneskerettighetene, FN-konvensjonen om sivile og politiske rettigheter og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK).
2. Regjeringa går unødvendig langt i høve til dommen av 29.06.2007 i Den europeiske Menneskerettsdomstolen når det gjeld å redusere kristendommen sitt plass i faget.
3. Lindås kommune meiner lov og føreskrifter som gjeld faget, må innehalda formuleringar som gjev grunnlag for at kristendommen som sterkt har prega

utviklinga og kulturgrunnlaget i folket vårt gjennom 1000 år, framleis skal stå i ei særstilling i skulen si religions- og livssynsundervisning.

4. Dommen gjev ingen grunn til å problematisera at skulen gjev ei kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega landet vårt mest, og som omfattar nær 90 % av folket.
5. Vi finn difor naturleg å behalda det navnet som faget har i dag: Kristendoms-Religions og Livssynskunnskap (KRL)
6. Lindås kommune, meiner at Departementet må syta for å få på plass gode fritaksordningar i samsvar med dommen frå menneskerettsdomstolen.

Lindås kommune meiner at siste setning i opplæringslova 2-3a skal lyde som følger:

”Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldre til elevar under 15 år om reglane for rett til fritak og om innhaldet i opplæringa”

Dei to ekstra orda ”rett til” er for å understreka at elevar og foreldre har ein rett til respekt for deira overbevisningar og det vil være i samsvar både med EMKs 1. tilleggsprotokoll art 2 spesielt og EMK generelt samt FN-konvensjonen om sivile og politiske rettigheter.

Framlegget vert vedteke med 21 røyster.

Framlegg frå AP v/ T. L. Brandvik:

Lindås kommunestyre slutter seg til Departementets forslag til endring i opplæringslovens §§ 2-3, 2-3a, 2-4.

Framlegget fall, fekk 13 røyster.

Uttale i Kommunestyret - 07.02.2008

Som høyringsinstans til kunnskapsdepartementet sine endringsframlegg til det noverande KRL-faget, vil Lindås kommune uttale fylgjande:

1. Det er viktig at alle fag i skulen er i samsvar med FN's verdenserklæring om menneskerettighetene, FN-konvensjonen om sivile og politiske rettigheter og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK).
2. Regjeringa går unødvendig langt i høve til dommen av 29.06.2007 i Den europeiske Menneskerettsdomstolen når det gjeld å redusera kristendommen sinn plass i faget.
3. Lindås kommune meiner lov og føreskrifter som gjeld faget, må innehalda formuleringar som gjev grunnlag for at kristendommen som sterkt har prega utviklinga og kulturgrunnlaget i folket vårt gjennom 1000 år, framleis skal stå i ei særstilling i skulen si religions- og livssynsundervisning.
4. Dommen gjev ingen grunn til å problematisera at skulen gjev ei kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega landet vårt mest, og som omfattar nær 90 % av folket.
5. Vi finn difor naturleg å behalda det navnet som faget har i dag: Kristendoms-Religions og Livssynskunnskap (KRL)
6. Lindås kommune, meiner at Departementet må syta for å få på plass gode fritaksordningar i samsvar med dommen frå menneskerettsdomstolen.

Lindås kommune meiner at siste setning i opplæringslova 2-3a skal lyde som følger:

”Skoleeigaren skal årleg informere elevane og foreldre til elevar under 15 år om reglane for rett til fritak og om innhaldet i opplæringa”

Dei to ekstra orda ”rett til” er for å understreka at elevar og foreldre har ein rett til respekt for deira overbevisningar og det vil være i samsvar både med EMKs 1. tilleggsprotokoll art 2 spesielt og EMK generelt samt FN-konvensjonen om sivile og politiske rettigheter.